

Kameratskap

Av Johannes Instefford

Dette er ein tale Johannes Instefford heldt etter han kom heim frå tysk fangenskap.

Godtfolk!

Det er fleire som har sagt med meg desse siste månadene at du må no ha mykje å fortelje du som har vore i tysk konsentrasjonsleir. No er eg elles redd for at dei fleste er trøytt av å lese og høyre om tilhøva i fangeleirane, avisene har so å seie vore fylte av det dei siste vekene. Og likevel - når ein berre les avisene so får ein ikkje noko rett bilæte av det, for avisene tek med berre det sensjonelle, og det som er daglegdags, det får ein ikkje greide på. Eg vågar meg difor til å fortelje litt av mine tankar og inntrykk frå opphaldet i von om at eg kan no kome med litegrand nytt.

De må ikkje tru at eit opphald i fangeleiren var berre gasskammer, hengningar og straffeeksersis. Det er rett nok at me som var saman der nede fekk sjå mykje fælt, og høyre om endå meir, men det er ikkje so at livet var so trykkjande og tungt som eg har inntrykk av dei fleste trur. Tvertimot har ein Tysklandsfange sett mykje ædelt og vakkert og har mange gode minne og. Og har vunne seg kameratar for heile livet. Det er serleg dette samlivet med kameratar som gjev gode minne, og eg skal freiste fortelje litt om noko av det som er sermerkt for opphaldet i ein fangeleir av det slag som eg var i.

Eg skal fyrst fortelje litt om dei ytre tilhøva. Fangeleiren heitte Sachsenhausen og låg 30 km nord for Berlin ved ein liten by som heitte Oranienburg. Talet på fangar i leiren var frå 20-30000, derav var omkring tiandeparten nordmenn. Sachsenhausen var den fangeleir i Tyskland som hadde flest nordmenn. Da eg kom ned der i slutten av 1943 var leiren rekna for å vere ein "god" leir. Det var orden der, og etter måten god reinsemd, og ein kunde vere trygg for at vaktpostane ikkje stal noko frå oss av det som vart sendt oss. (Det var diverre ikkje soleis i alle leirar). Til å vakte på fangane hadde dei 1 vaktbataljon på oppimot 1000 mann. Dei høyrde til Abteilung Totenkopf av S.S. Avdeling dødningehovud av SS, og var kjennelege på at dei bar eit dødningehovud på luva si - eit ekte utslag av tysk nazikultur. Eg har høyr^{at}t om symbolet dødningehovudet har vore

brukt av sjørøvarar før. "Så heiste de det svarte flagg med dødninghode!", men eg har alltid trutt at dette var fantasi. I Tyskland brukte heile denne avdelinga dette symbolet for å jage inn skrekk i fienden.

S.S. er ei militæravdeling som frå fyrst av i Tyskland var friviljug, men litt etter kvart vart tvangsutskrivne. I det siste putta dei inn friviljuge (heilt eller halvt) frå alle land, jugoslavlar, rumenarar, ukrainere, polakkar, fransmenn, belgiere, hollendere, danskar og nordmenn. Dei gjekk i ein jernhard skule, med streng disiplin, store straffer for det minste brot, og systematisk vart dei opplærde i lauseknektmoral, sadisme, utrydding av all humanisme og medkjensle, utrydding av kristendom. Det var sermerkt for S.S. at dei heldt ikkje jul, men midvintersblot den 21. desember, og dei hadde ikkje det merke på beltet som Wehrmacht hadde "Gud med oss". -Dessuten var denne S.S. bataljonen i Oranienburg ein avdeling som gjorde teneste som bøddel for alle som vart dødsdømte i Berlin, og det var ikkje få, både tyskarar og utlendingar.

Før juni 1942 var Sachsenhausen ein straffeleir i likskap med dei fleste tyske interneringsleirar, og av dei fyrste nordmenn som vart sendt dit ned, døde det ein uhyggeleg stor prosent, soleis av Tellevågfolka døde 31 av 68. I frå juni 1942 vart leiren kalla arbeidsleir, og tilhøva vart med ein gong betre. Fangane fekk lov til å skrive heim att - 2 gonger i månaden - dei kunde få ta imot matpakkar, og det var no i grunnen det som betydde mest. For det er ikkje råd å nekte: Når det var so høg dødsprosent i dei tyske straffeleirane so kom det fyrst og fremst av at dei fekk for lite mat. Ikkje so at nokon rett ut døde av svolt, nei dei fleste gjekk til grunne av ordinære sjukdomar som lungebetendelse og dysenteri, men når ein er veik og avmagra har ein ikkje noko kraft til å stå imot ein sjukdom, og lettare mottakeleg for alle slags sjukdomar er ein vel og. Men arbeide laut dei og arbeidstida vart lenger og lenger di meir krigen drog ut. I 1944 var det 12 timar dagleg, opp kl 4 -

for slik arbeidstid hadde den tyske sivilbefolkningen og. I den aller siste tid var det elles ujamnt med arbeidstida, og det kom mykje av at dei mangla både ljøs og eletrisk kraft på grunn av bombeøydeleggjingane av kraftstasjonar.

I Sachsenhausen vart nordmennene sett høgst av alle nasjonar, jamvel høgre enn dei tyske fangane. Dei var dei einaste som fekk lov å bu på Blokker, (Block er det same som barakke) der det berre var ein nasjonalitet, altså berre norske. Alle andre fangar - inklusive tyskarane - måtte bu på blanda blokker, med alle slag nasjonalitetar. Kvifor? kan ein spyrje. Ja, eg trur det hadde fleire årsaker. For det fyrste hadde me i Sachsenhausen ein kommandant som var serleg oppglødd for Hitlertysklands raseteoriar, dette som de kjenner til om arier og ikkje arier, eller germaner og ikkje germaner. Det er vel ikkje noko å diskutere om kven som er reinast germaner nordmennene eller tyskarane. Tyskarane er mykje oppblanda med slaver eller jødar og i syd vest med romanar. Difor vart nordmennene set på med største vurnad av dei som hadde desse raseteoriane som sin livsanskuelse. Dessuten var det eit ord ein alltid hørde i samanheng med ordet norveger (nordmann) det var ordet kultur. Eg hugsar so godt ein gong eg arbeidde på ein anleggskommando som heitte Frehleggrund. Eg arbeidde saman med 4 andre nordmenn på eit veganlegg som låg langt borte frå den staden der me skulde ete middag. Det var vanleg at me gjekk tilbake til middag i god tid, og ein dag kom me eit par minuttar fortidleg og me sette oss ned i småskogen og skulde vente på middagsbjølla. Med me sat der kom der ein S.S. Rottenfuhrer eller noko liknande, og spurde kva me gjorde på. Me sa som sant var at me var komne eit par minuttar for tidleg til middagen. "20 minuttar", retta han og tok til å skrive opp namna våre. Fyrst skreiv han opp ein nordmann, so skreiv han opp ein nordmann til, den tredje var meg, nok ein nordmann sa han, men då han kom til den fjerde buste han opp i fullt sinne: Også ein nordmann, kulturmensch! Lenger kom han ikkje for då gjekk middagsbjølla. Han hadde for sein klokke, og me slapp straff. - Det var so sjølsagt at nordmennene måtte stå høgst i kultur, for det var i grunnen eit særleg godt utval av nordmenn. Medan det blandt dei andre fangane var ein heil del kriminelle, vanlege forbrytarar, var dette omtrent ikkje tilfelle hjå nordmennene. Me hadde elles med oss ein kjende stortjuv frå Oslo, men han vart sitjande att i

Tyskland, avdi han hadde svindla til seg ikkje mindre enn 29 uhr (?), då han skulde reise, og dette vart oppdaga. -Men dei fleste nordmenn var godt lærde, det var ein heil del akademikarar, som kunde godt både tysk og fransk, ein professor Seip, advokatar, ein heil del militære, som t.d. Lossius, transportsjef i Statens Kornforretning, kaptein Rambech, som no er sekretær i lægeforeningen, frå Bergen hadde me kaptein Haukeland, løytnantane Stiegler og von Krogh (han var elles sakførar) og fleire, ei mengd med bladfolk som for det meste var innsett for illegale aviser, slike som Olav Røgeberg frå Nidaros, no disponent for Alle Kvinners blad, Oscar Ihlebæk frå Bergens Arbeiderblad (han døde i Tyskland), disponentar for blad som Noren frå "Fremtiden", fleire lækjarar med Oftedal, statsråden, og Græsli i spissen, Græsli døde i Sverige, på blokka eg budde hadde me 2 prestar, Søvde frå Vik i Sogn som var den mest populære mann på blokka, og Havig frå Hatfjelldalen, lektorane Trygve Bull og Johs. Dale, høgsterettsdomar Emil Stang, dikteren Arnulf Øverland, statsminister Gerhardsen, statssekr. Strand Johansen. Eg budde saman med ein heil del sørlendingar, som sat inne i den kjende Sørlandssaka, saka om ein militærsamanslutning som vart oppdaga. Ikring 200 mann blei arrestert, og ein stor part av desse var i Sachsenhausen, det var alle alvorlege, gilde norske typer, som eg vart godt kjend med og kom til å halde mykje av, eg vil tru dei var mellom dei fremste frå bygdene frå Sørlandet. Religiøse var dei mange av dei. Dessutan ei mengd idrettsfolk frå Oslo og bygdene og byane ikring.

Det var i det heile eit kvalitetutval av nordmenn, so det var ikkje under at alle, både fangar og vaktarar kom til å synest at nordmennene stod svært høgt i kultur. Det vart lagt mykje merke til at nordmennene fekk so mykje sendingar av matvarer. Nordmennene var kapitalistane i Sachsenhausen for dei hadde mest pengar, d.v. her seie matvarer som dei kunde kjøpe for. Nordmennene fekk fyrst i 1942 nokre sendingar med sild og klippfisk frå Det Norske Røde Kors. Fra jul 1942 sende Norges Røde Kors matpakkar på 5 kg kvar månad. Men i oktober 1943 - tett før eg skulde fare til Tyskland - sette Fritt Folk igang ein veldig agitasjon mot desse sendingane. Det vart send både meierismør og havregryn ut or landet til politiske fangar i Tyskland, og nordmennene i Norge måtte svelte. Fritt Folk agiterte med at det var mange jødar som

fekk av desse pakkane, men det var lygn, for det fyrste vart dei aller fleste jødar frå Noreg likviderte straks etter dei kom til Tyskland, og for det andre hadde ikkje jødar lov til å ta imot pakkar. - Men Quislingregjeringa nekta Røde Kors å sende matpakkar til tyske fangar frå november 1943. Dette forbodet var det som kom til å setje fart i pakkesendingane til nordmennene. For det fyrste vart Forsyningsdepartementet so overfløymd av søknader om å få sende, at dei laut kunngjere at det vart gjeve løyve til utførsel til kvar Tysklandsfange 1 matpakke for månaden på 5 kg. frå private, og dette vart nytta i dei fleste høve. For det andre vart danskane og svenskane forfærde over vedtaket, og Danske Røde Kors sende punktleg frå jola 1943 1 pakke til kvar fange for månaden, og den svenske organisasjonen Hjelp Krigets Ofre sende og store pakkar på inntil 10 kg. rett som det var. Dessutan skikka regjeringa i London pakkar frå Sveits, Portugal og Kairo. Til alt dette kom ei mengd små brevpakkar frå private i Noreg, som poststellet såg gjennom fingrar med vart sendt. Resultatet var at nordmennene i Sachsenhausen i 1944 fekk mykje meir mat enn dei kunde ete opp, til stor forarging for medfangane, serleg dei tyske, og vaktpostane. "De nordmenn får pakkar frå heile verda." var det ein S.S. mann som sa til ein nordmann. "Ja me har heile verda på vår side og me", var svaret.

Kva gjorde so nordmennene med all denne overfloda? Det tener dei fleste nordmenn til ære at dei hjelpte andre som ikkje fekk, særleg russarar, hollendarar, fransmenn. Eg trur at mest kvar nordmann hadde sin protegi, sin mann som han heldt med ekstra mat, ja sume hadde endå fleire. Eg kjem i hug ein gammal fange frå Drammen. Han var av det slaget som ikkje kunde forsone seg med fangelivet, og var bitter og sint, og fæl til å bruke munn. Han gjekk for å vere ein kverulant som få vilde snakke med. Kvelden før me reiste frå Sachsenhausen gjekk eg saman med han, han vilde ta farvel med nokre russarar sa han. Då såg eg at det var 3 unge russarar som med tårer i augo tok farvel med han. Han hadde heile 3 mann som han hadde gjeve av si overflod, denne sinte mannen.

Sjòlsagt brukte mange nordmenn noko av maten til å kjøpe seg klede og sko for, eller fordelar i arbeidet. Vilde ein få lettare arbeid, so gjekk det an å kjøpe det. De skal få høyre korleis ein slik handel gjekk fyre seg. Eg arbeidde på ein anleggskommando med å leggje veg i 1944. Eg var den eldste av alle av alle i heile kommandoen og ein

dag sa eg til forarbeidaren - ein tyskar sjòlsagt - at eg som var so gammal, måtte ha lettare arbeid enn dette vegarbeidet. Eit par dagar etter kom forarbeidaren sendande til meg. Var det so at eg ville ha eit fint arbeid. Ja, det vil eg gjerne, sa eg. Ja no hadde dei bygt ei barakke av berre rå material og ho skulde turkast før ho skulde målast. Arbeidet var å fyre i ei 8-10 omnar heile dagen, lett arbeid og under tak, og varmt og godt. So la han til med vekt: "Eg må tenkje på alle eg, eg vonar det er nokon som tenkjer på meg og!" For å vere heilt sikker på at eg skulde skjønne kva han meinte sende han etterpå formannen, ein polakk til meg, og han spurde meg reint ut: Hast du verstanden was der Vorarbeiter hat gesagt? Eg forklara sjòlsagt at meininga var at eg skulde gje forarbeidaren noko småtteri når eg fekk pakke. Han baud seg til å hente varene, og på den måten fekk eg 2 mann å betale til.

Sidan baud han seg til at eg skulde få bli materialforvaltar, han vilde avskjedige den tjekkaren som hadde den jobben, men det tykte eg var ikkje rett, og sa at eg likte ikkje den jobben, og eg trur ikkje det var mange nordmenn som vilde ta imot eit slikt tilbod.

Når ein kjøpte noko so var prisen fastsett i oljesardiner, det kosta so og so mange oljesardiner. 1 øskje sardiner var jamgodt med 1 kulebrød, (1 dagsrasjon), 1 røykesild hadde same verdien, men myntfoten var oljesardiner. Ein brukte aldri namnet kjøpe der nede, det var organisere. Organisere betyr å få fat i ein ting på ulovleg vis, anten ved steling eller kjøp.

I Sachsenhausen var ei mengd fangar av andre nasjonalitetar, og det var sers interessant å bli kjend med desse. Ein stor part av dei som sat der var tyskarar. Av tyske fangar hadde ein fleire slag: Fyrst var det dei politiske fangane, dei raude som me kalla dei, avdi dei hadde eit raudt merke framfor nòmmeret. So var det dei kriminelle "Befrauere", som tyskarane sa, dei grøne, med grønt merke. So kom det ein flokk som hadde svart merke, det var dei asosiale, i den gruppa kom alle svarthandlarar og alfonsar, sigøynarane var og alle svarte. Dernest kom bibelforskarane, dei som høyrde til den verdensomspennande sekta Jehovas vidner, med blått merke, dei var fengsla avdi dei ut frå Bibelen, Åpenberringa iser meinte å kunne fastslå tida for Hitlerriket sin undergang. So kom

det ein liten flokk violette, det var dei homoseksuelle.

Det var dei tyske fangane som styrde leiren. Lagerelteste var ein tyskar, alle blockelteste var tyskarar, alle forarbeitarar var tyskarar, dei fleste arbeidsformenn likeeins.

Det var strid mellom dei raude og grøne om makta i leiren. Då eg kom til leiren var det dei raude (politiske) som hadde alle stillingane, men utpå våren 1944 vart dei fleste av dei raude innesperra på ei serskild block, og det vart utnemnt for det meste grøne eller svarte lager og blockeldster. Det var ei forandring til det verre. Dei norske tillitsmennene Aasebø, Hagen og Mugaas frå Bergen stritta imot denne utviklinga i det lengste og fekk ei stund hjelp av kommandanten. Men det enda dårleg i denne striden, dei vart tilsist viste vekk frå leiren til ein annan leir aust for Berlin, dei var kommunistar alle 3. Sidan vart dei overflytte til den kjende leiren Belsen, der fekk dei flekktyfus. Aasebø og Hagen døde i Tyskland, Mugaas kom til Sverige men døde der. Det som var mest trist i dette høvet var at det vart sagt at andre norske fangar skulde ha gjort styringa i leiren oppmerksom på at dei dreiv kommunistisk agitasjon, men om dette er sant veit eg ikkje. Kommunistane i leiren var i det heile litt kjepphøge under inntrykket av dei store russiske sigrane, og det var ei vanleg meining at dei burde stemme tonen litt lågare. Men at Aasebø, Hagen, og Mugaas var av dei likaste tillitsmennene me hadde, var det ikkje tvil om, dei var i grunnen dei som førde nordmennene og hjelpte dei til so godt omdømme blandt alle.

Korleis var so tilhøvet mellom nordmenn og tyskarar. Som ein kan vente mellom 2 nasjonar som ligg i strid med einannan. -Dei tyskarane som me hadde mest med å gjere var dei tyske forarbeidarane og formennene. Mest alle desse var grøne eller svarte, og dei heldt tysk justis i rekkjene. Det var verre å kome ut for ein grøn tysk forarbeidar enn for S.S. vaktene, og sjølv dette å kome ihug at her går ein og vert kommandert av ein mordar eller voldsforbrytar av verste sort, verka deprimerande på oss. Stort set: Dei grøne vart rekna for dei verste av alle fangar. Dei raude (politiske) tyske fangane vart eg mykje skuffa over. Eg trudde helst at det var ein flokk idealistar, eg visste at det var i Sachsenhausen Nobelpristakaren Ossietsky var fange, og døde,- men har det nokon gong vore idealisme hjå dei tyske politiske fangane,

so var han mykje godt utrydja gjennom eit mangeårig fangenskap og under trykket av propaganda og Hitlerriket sin framgang på alle frontar. Dei politiske tyske fangane var tyskarar dei og. "De kan då skjønne at me kan ikkje ynskje at Tyskland må tape sa dei, taper Tyskland denne krigen, so vil det verte utsletta av Europakartet, og det tyske folk verte slavar i evigheit, sa dei. "So sterkt har det tyske folket bunde sin skjebne til Hitler at me ser ingen utveg dersom Hitler vert slegen." Det fanst vel nokre få undantak, men stort set hadde dei tyske politiske fangane den innstilling som er karakteristisk for alle tyskarar: Berre tenkje på seg sjølv, nauda i leiren hjå andre vedkjem ikkje han. I sin oppførsel mot fangane var dei ikkje stort betre enn dei grøne, sadistiske og umenneskjelege og uten noko slag skruplar.

Den nasjonaliteten som likna mest på tyskarane, var polakkane. Polakkar var det i mengdevis av, og dei fleste av dei var krigsfangar som hadde sete inne i opptil 5 år. Dei kom me svært mykje saman med på arbeid, og alle nordmenn utan undantak var samde om at det var noko store slynglar. Dei hadde raudt merke, men eg trur dei fleste av dei var kriminelle forbrytarar, mange krigsfangar var innsette i konsentrasjonsleir for rømning, andre for tjuveri, ein heil del avdi dei hadde hatt forbindelsar med tyske kvinner - det var forbode i Tyskland - tildels med trugsmål om dødsstraff. Og likevel hadde tyskarane sine problem med polske eller fransketøser som me i Noreg har det med "tyskertøser"!

Polakkane var upålitelege, du måtte passe på kva du sa, dersom det var ein polak nær deg, dei lurde seg frå arbeidet og let kameratane utføre det, og deira høgste mål var å bli formann for eit arbeidslag. Då slapp dei arbeide, berre kommanderte. Eg har fleire gonger spurt meg sjølv om det er noko von for Polen som sjølvstendig stat, med ei slik innstilling blandt folket.

I den siste tida eg var i Sachsenhausen vart eg kjend med ein interessant type av ein polakk. Me arbeidde saman på ein fabrikk for "Panzerfaust" eit våpen som dei brukte mot panservogner og sat på kvar si side av eit bord. Me tala saman heile dagen, og han retta meg når eg tala feil tysk, noko som eg gjorde rett som det var. Han gav eit truverdig inntrykk, fortalde at han var advokat i Warszawa. Han kunde godt både fransk, tysk, og engelsk, forutan russisk og polsk og alle slaviske språk. Han hadde hatt ei stor boksamling og kjende all

verdens litteratur. Han skreiv dikt til kameratane like lett som andre skreiv brev. Det var i det heile ein mykje intelligent mann. Han hadde hatt fjellhytte i Karpatane, og eigen bil, og han vilde besøke meg i Noreg når krigen var over. Men då me var blitt nokolunde godt kjende, tok han til å tale om det emnet som alle tyskarar og polakkar set som det høgste utbytte av livet. "Ich habe viel Frauen gehabt", "eg har hatt mange kvinner i mitt liv", og so får eg ei skildring av hans mange erobringar blandt det veike kjønn. Hans heile livsinnstilling var nedbrytande, trass i hans høge kultur.

Det interessantaste for meg var å bli kjend med dei russiske fangane. Russland har i det heile vore so framandt for oss, at dette var heilt nytt. Eg hadde elles i Noreg blitt litt kjend med ein russisk fange som var rømd frå leiren i Matre og låg i dekning i distriktet, og det inntrykk eg hadde fått har stadfest seg her. Russarane er godmodige, snille, utifrå gode kameratar, ærlege, arbeidsame. Sjølsagt var der undantak, men dette var det vanlege.

Alle russarar hadde raudt merke, men det var mange som var innsett for tjuveri. Tjuveri frå tyskarane burde vel helst reknast som eit politisk brot. Det var ei mengd unge gutar som var tvangsutskrivne til arbeid i Russland, men som hadde gjort eit eller anna brot. -Ein ung gut frå Kaukasus fortalde meg at han vart send til arbeid på ein sukkerfabrikk. Det var smått om mat, difor stal han sukker frå fabrikkjen og bytte med andre som kunde skaffe brød eller pylse. Eg måtte stele, sa han. Han fortalde med ein blink i auga at på sukkerfabrikkjen var det so at kvar arbeidar skulde ha 50 gram sukker ekstra for veka, og han møtte opp og tok imot dette punktleig og då hadde han 50 kg. liggjande i senga si som han hadde stole. Det slo meg då han fortalde dette og mora seg over det, kor typisk norsk humor dette var. Sjølv såg han ut som ein nordmann og. Og russarane hadde stort sett dei same karaktereigenskapar som er sermerkt for nordmennene.

Eg arbeidde i lang tid saman med ein russar på 36 år frå Krasnodar i Kaukasus. Han var jernbanefunksjonær. I arbeid saman med andre kann ein snart lære dei å kjenne til botnar, men denne mannen, Fedor, heitte han, var eit so godt menneskje at eg kjem ikkje til å gløyme han. Han lurde seg aldri undan arbeidet og let kameraten ta det. Eg var eldst på arbeidslaget og Fedor hadde eit

særleg godt auga til meg. Ein gong vart eg kommandert til å bere middagsspannet heim att til leiren. Det var varmt den dagen, og eg sveitta noko, det var ikkje so radt lett dette spannet. Då me hadde gått halve vegen, vart det kvild, og då kom Fedor utan vidare og tok spannet frå, det var ikkje tale om at eg skulde bere det. Ein annan gong hadde eg fått ei ulikleg tung greip, då me skulde lesse pukkestein. Da kjem Fedor og byter med meg so eg får ei lettare greip. Du er gamall, du må ha ei lettare greip sa han. Det stod ein annan nordmann og arbeidde saman med meg. "Han er jo en dannet mann tvers gjennom, " sa han. Og soleis kunde dei fleste nordmenn fortelje om trufast venskap med russarane. Det var morosamt å snakke med dei, dei var so openhartige og fortalde mykje som var nytt for meg. Eg spurde dei fleire gonger om dei likte kommunismen og det var mest ja eg fekk til svar. Dei eldre samanlikna tida før Sovjet med tida etter, og det var ikkje tvil i deira sjæl om at det var betre no. Ungdomane var fanatiske i si overtyding om kommunismen som det einaste rette, og dei var overtydde om at Russland stod høgt over andre folk i statsform. Ungdomen var mykje opplyst, mykje betre enn tyskarane. Dei var ekspertar i å lære språk, og dei fleste tala tysk bra, mange lærde seg litt norsk med dei var der. Dei vilde ikkje vedgå at dei var heidningar. Dei hadde sine kyrkjer som dei gjekk i, særleg var det mykje folk i kyrkjene i jula og påskehelga. Alle foreldre døpte borna sine, og etterpå var det "immer snaps". Nei tyskarane var heidningar. Den guten frå Kaukasus som hadde stole sukker, fortalde meg at der som han var frå var dei fleste muhammedanarar, men mor hans var kristen og ho hadde fortalt han og syskina or bibelen. - Sjølv om dei fleste russarar ikkje kjenner so mykje til det me kallar kristenliv hjå oss, so kan ein ikkje nekte at deira morallære og deira liv er sterkt påverka av den kristne etikken. - Eg hadde soleis inntrykk av at alle russarar sette familjelivet høgt, det var med største vyrndad dei tala om foreldre, koner og born. - Eg lyt her fortelje ei lita hending som eg vart heilt overdotten ved, og som sette den russiske moralen i eit mykje betre ljøs enn eg nokon gong hadde trutt var mogeleg. De får orsake at det ikkje er noko fint emne nett. Om sommaren 1944 vart det bygd ei ny barakke i leiren i Sachsenhausen, som var etla til bordell for "ariske fangar". Dei fleste tyske fangar helsa dette tiltaket som eit av dei største sosiale goder som fangane hadde vunne, (ogso eit bilæte på tysk kultur), og

det var vanleg samtaleemne på arbeidet. Ein dag var det ein tyskar som nemnde det med nokre russarar, og nemnde på same tid at russarane som hadde so liten kultur kunde sjølsagt ikkje gå på bordellet. Men då var det ein eldre russar som vart heilt ivrig og la imot, på sitt litt uhjelpelege tysk sa han pålag so: Eg vil ikke gå på bordell, eg vil kome heimatt til kona mi, og det vil alle andre russarar og. I Russland har det i dei siste 20 åra vore forbode å ha bordell. Men her! Tysk kultur!

Det synta at sjølve seksualmoralen stod høgre hjå russarane enn hjå tyskarane og dei var byrge over det.

I det heile var det semje mellom dei norske fangane at russarane var prektige menneskje, det var mange som var overraska over dette, men so var det. Eg har ofte i samlag med norske kameratar diskutert emnet, om det kommunistiske styresett har gjort russarane betre, og resultatet me er komne til er: Ja. Eg trur det kjem serleg av den oppseding dei får ved betre opplysning og ved teater og film, og kjennskap til verdslitteraturen.

Då eg hadde vore ei stund i Sachsenhausen sa eg til ein kamerat at eg tykte fransmennene gjorde so lite av seg. Det skulde eg ikkje seie sa han, eg sit no og arbeider saman med ein fransk godseigar frå Bretagne, og friskar opp fransken min, og tru meg, han er so hyggeleg som nokon eg har treft her, og ber seg so fint åt i omgang, at ein verkeleg må tale om fin kultur! Eg fann snart ut det same eg og. Fransmennene vilde ikkje lære tysk, eg trur dei har vanskeleg for å lære andre språk og, og for dei som ikkje kunde fransk, var det vanskeleg å kome innpå dei. Men ein dag kom eg til å arbeide saman med ein ny fransk fange, ein gut på 19 år. Han hadde vore 7 månader i straffeleir i Dortmund, og var heilt utsvelt, han hadde lært litt tysk. Det begynte med at eg gav han ei sild og litt smør, og då eg sjøl tykte at eg måtte ha nokon til å hjelpe, gav eg han litt av mi overflod mest kvar dag. Det var ein mykje hyggeleg gut, som aldri tigga. Han fekk ikkje pakkar sjøl, fekk ikkje ein gong lov til å skrive heimatt. Han førde meg saman med andre unge fransmenn, og eg må seie eg likte dei svært godt. Det var ingen ting eg trega meir på enn at eg ikkje hadde lært meg fransk. Eg var ofte og besøkte dei på Blokk 16, der dei fleste fransmenn var samla. - Det var liksom det fyregjekk ei forandring med fransmennene sommaren 1944, då Frankrike vart frigjort. Før var det lite snakk i dei, og tilbakeholdne, men då hadde dei so mykje å fortelje

og serleg om den illegale franske heren som var med og fridde landet ut. Det var fleire av dei som hadde forbindelsar der. Det var liksom dei vaks ved hendingane, og rett som det var kunne ein høyre dei plystra Marseillasen. Morosamt var det å helse på fangar frå Normandie, dei såg heilt norske ut, og dei visste godt om at dei ætta frå nordmenn. Like morosamt var det å helse på dei franske prestane, dei var mykje vyrde av fransmennene. Eg spurde eingong kvifor det var so mange franske prestar arrestert. Jau svara dei, Laval gjorde den lova at alle dei fransmenn som var mellom 19 og 22 år, skulde i arbeid i Tyskland. Me har hjelpt mange med å skrive ut falske dåpsattestar, me har gjort dei 23 år gamle eller meir.

Fransmenn og russarar var det som hadde det dårlegast i leiren, dei vart hundsa på alle måtar, slag og spark vanka der, og dei vart sette til det dårlegaste arbeidet. Fransmennene var det og som etter det eg kunde skjønne stod minst mot sjukdomar og dødsfalla blandt dei var mange.

Utpå vinteren 1944 fekk fransmennene Raude Kors pakkar med 250 gram kaffi i. Då gjorde leirstyringa det overgripet, at dei fastsette at denne kaffien skulde innleverast til leiren. Fransmennene protesterte og sa at andre. bl.a. nordmennene fekk ha sine pakkar ubeskorne. Ja neste gong skulde normennene levere turrmjølka, var svaret. Men det vart aldri kravt noko slikt av normennene. Dette var eit døme på kor lovlaust det kunde gå for seg i leiren. Det var ikkje fangane som fekk godt av den kaffien.

Eg kan ikkje slutte denne omtalen av fangane i Sachsenhausen uten å nemne danskane. Då eg kom ned der var det ingen danskar. Men i 1944 kom det omlag 250 mann. Dei vart rekna for nordmenn og putta inn på norskeblokkene, so dei kom me snart til å lære å kjenne godt. Mange av desse danskane var utifrå gode kameratar, med det beste du kunde treffe, men ein stor del av dei var kriminelle forbrytarar serleg frå Kjøbenhavn, og dei var vrang sinna, dovne, og trottige bordellgjengarar, og dei dominerte heilt danskekolonien, so det var ikkje noko godt tilhøve mellom nordmenn og danskar. Då me kom til Frøselv i Danmark, og var der i 8 dagar, fekk me lære å kjenne dei rette danske politiske fangane, hjartelege, hyggelege, som ikkje visste kva godt dei vilde gjere med deg.

Men når me snakkar om dansk hjartelag, so kjem eg fyrst og fremst ihug mottakinga i Danmark. Då me køyrde over grensestriken mellom

Tyskland og Danmark - under tysk vakt-, var det liksom alt vart forandra. Det var natt og myrkt, men likevel stogga fokemengda bilen, vaktene kunde ingen ting gjere, dei trengde inn i bilen, omfamna oss, gret og lo om eit anna, og baud oss velkomne heim. Då me sa at nei de tek feil, me er nordmenn me, svara dei i kor: Ja det er det samme, velkomne hjem. Det vanka egg mjølk og smørbrød. - Denne mottakinga står for meg som det ljosaste minnet frå heile tida. Det var mange av fangane som sa at ei slik mottaking var minst verd 2 års fangenskap.

Nordmennene i Sachsenhausen hadde eit godt ord på seg, ogso mellom andre fangar. Det hende rett som det var at det kom nye transportar av fangar til leiren som var heilt forkomne av svølt. Då var det gjerne ein eller annan av nordmennene i mottakingskontoret som sende besked til norskeblokkene at det kom vel med litt ost eller kjeks e.l. åt dei, og dei bad aldri forgjeves. For det fyrste hadde nordmennene best råd, og for det andre hadde dei og vilje til å hjelpe. Det var i grunnen dei som var filantropane. Alle fangar vilde svært gjerne arbeide saman med normenner, dei visste at då vart dei pent handsama, og fekk gode arbeidskameratar, og so fall det gjerne litt mat ekstra og.- Det hende rett som det var at det var nordmenn som protesterte mot forarbeidarar og formenn, når dei tykte andre leid urett, endå so fårleg dette var. Eg trur at nordmennene ved si ærlege og beintframe åtferd, og ved å opptre so human som dei gjorde, har dei blandt alle nasjonar i Europa som var forsamla der, vunne eit hédersnamn.

I Tyskland vart det ofte diskutert korleis ein skulde gjere opp med tyskarane og dei heimlege nazistar, når alt dette som me måtte igjennom, var over. Det var sjølsagt delømeiningar, men eg trur

at det klårna litt etter litt. Dei fleste meinte at ein måtte innta ein meir forsonleg holdning likeoverfor våre nazistar i alle fall, og eg trur det er dette synet som kjem til å vinne her i Noreg og. Det kan ikkje vere rett å innføre dødsstraff att no, når me eit halvt hundrad år har vore samde i at denne straffa er barbarisk. Det kan ikkje vere rett å straffe koner og uskyldige born for det som mannen har gjort - etter det prinsippet som eg høyrde eingong vart ropt frå Sognebåten: "Kast han på sjøen, for han er sønn av en nazist! " Det er nazibarbariet sin mest frastøytande måte å straffe på, me då gjennomfører. Og sjølve nazistane skal då ein gong bli fri og live i det same samfundet som me! Det er somme ting no som ikkje lyder bra. Eg såg soleis at politiet i Bergen for å roe gemyttene hadde kunngjort at dei no har innført, røykeforbod, pakkeforbod og leseforbod på Espeland. Smakar ikkje det litt av nazisme? Eg trur at dei fleste av dei som har vore innanfor, og forsøkt alle desse umogelege forboda som tyskarane hadde, vil riste på hovudet pg seie: Kva skal desse forboda tene til? Er det av nazistane me har lært? Er kampen mot nazismen forgjeves? Slike forbod er sadisme i aller høgste grad, like mykje som likamleg tortur.

Eg vågar å seie at etter kvart som me får krigen på avstand, vil den norske kjende humaniteten og sans for menneskjeverde, kome fram att. Me vil etter dei etter måten strenge domar som vert avsagde over frontkjemparar og nazistar, atter oppleve benådningar i stort mun. For denne vår humanistiske og fredelege innstilling og sans for menneskeverd som det norske folket er oppseda til i ei lang fredstid på 130 år, den som me var so byrge av i fangetida, den er noko av vårt folks største aktiva, og det kan ikkje vere bortblåse i desse 5 åra, det er mi von.